


Karl Johan Hallaråker

I gode og vonde dagar



Rettleiing om
ekteskap og
samlivsspørsmål

Lunde Forlag

INNHOLD

Forord	7
Ekteskapet — Guds gode ordning.....	9
Innstifta av Gud	9
Store utfordringar	10
Ekteskapet —	
ei guddommeleg skaparordning.....	12
Guds opphavelege skaparvilje	12
Gjeld alle menneske.....	13
Tufta på to pilarar.....	13
Det seksuelle samlivet.....	14
Skilsmisse og attgifte —	
brot på Guds gode vilje	17
To skilsmissegunnar	17
Attgifte	18
Sjelesorg og rettleiing	21
Ordet er leiestjerne	21
Fleire skilsmissegunnar?	22
Attgifte i kristen samanheng.....	23
Sambu	24
Homofile	24
Incest.....	25
Attgifte etter «lovleg» skilsmisse.....	26
Attgifte for kristne leiarar	26
Unge som syndar mot det sjette bodet	28
I den kristne forsamlinga.....	29
Kristen strategi for heim og ekteskap	31

Forkynning og undervisning – hustavlene	31
Faktorar som trugar i samfunnet	34
Ekteskapsførebuinga	36
Dei einslege.....	38
Sluttord – tre faner	39
Førebilete	39
Bibelske ideal	39
Varmt omsorgsfellesskap	40

Forord

Ekteskapet er Guds gode ordning for samlivet mellom mann og kvinne. Det er også Guds gode vilje at borna skal få veksa opp i den tryggleik og omsorg mor og far kan gje.

Men kor langt er ikkje dette frå den kvardagen mange opplever? Skilsmissetala synest å auka og auka. Også mange kristne vel skilsmisse som utveg frå ekteskapelege problem og vanskar. Mange i vårt samfunn har også mista trua på ekteskapet og vel heller andre samlivsformer.

Denne situasjonen kallar både på forbønn, omsorg og rettleiing forankra i Guds ord. Det er nettopp dette som har vore siktet målet med dette heftet. Det er lagt vinn på å skriva kort og enkelt. Dette vesle heftet kan sjølv sagt ikkje gje svar på alle vaniskelege spørsmål, men vonleg finn lesaren hjelp og rettleiing for vidare leiting etter Guds vilje.

Hovudinnehaldet har vore drøfta både i arbeidar-møte og rádsmøte i Det Vestlandske Indremisjons-forbund. I sluttfasen har eg også rádført meg med generalsekretærane og fleire av leiarane i Det Vestlandske Indremisjonsforbund og Norsk Luthersk Misjonssamband. Det ferdige manuskriptet har også vore lagt fram for hovudstyra i dei to organisasjonane. Båe organisasjonane «tilrår heftet til vegleiing og bruk som god og omsorgsfull rettleiing om ekteskap og samlivsspørsmål».

Det er både med kjensle av smerte og ansvar eg sender ut dette heftet. InnhalDET vedkjem oss alle. Eg veit her er trong for bibeltru vegleiing, men eg veit også at det er ikkje alltid lett for den som har problema og smerten innpå livet. Slike har vore mest i tanken min medan eg skreiv. Det har vore mi bønn at vegleiinga kunne vera boren oppe av varm og sann sjeleomsorg.

*Bildøy i juni 1987,
Karl Johan Hallaråker*

Ekteskapet — Guds gode ordning

Innstifta av Gud

Gud har innstifta ekteskapet som si gode ordning for mennesket. I heim og samliv er det hans vilje at kvinne og mann skal få leva i fellesskap og omsorg for kvarandre. Det er også Guds vilje at borna skal få veksa opp med mor og far i harmoni, varm tryggleik og kjærleik. Guds vilje er god. Slik talar Bibelen.

Røynslene i samfunnet i dag talar sitt språk. Dei siste 15 åra har langt færre menneske stifta heimar i samsvar med Guds gode vilje. Skilsmissetala har i same tidsrommet hatt sterke auke. Store grupper menneske vel også å leva saman utan rettmessig stifta ekteskap. Biletet vert enno meir formørka av rapportar om vald og utryggleik i heimar som enno fungerer på papiret. Ekteskapskrisa har ete så mykje om seg at dei færreste står heilt utan kontakt med denne røyndommen på ein eller annan måte.

Vi høyrer også om at fleire kristne ektefolk vel skilsmisse som utveg frå ekteskaplege problem og vanskar. Dette svekkjer det kristne vitnemålet om det livslange ekteskapet som Guds gode ordning. I tillegg har det også ført spørsmål om attgifte midt inn i den kristne forsamlinga. Det er for fleire og fleire eit fenomen ein ikkje kan nøya seg med meininger om på lang avstand frå problema.

I denne situasjonen kjenner mange trond for hjelp og rettleiing. Det følgjande er meint som eit

lite svar i denne samanhengen. Det skrivne ord kan ikkje gje det fulle svar i alle konkrete situasjonar. Vi har likevel eit medvite ønskje om å føra oss på sporet til Guds ord og kristen tankegang på dette Ordets grunn. Framleis lyser nemleg salmediktarens ord: «I bygge skal huset på Ordets klippegrunn, så rokkes ei muren i stormværets stund. Og arnen skal stå i le av korsets tegn, så hviler og hjemmet bak tryggeste hegnet. Hvor korset står vakt, taper mørket sin makt.»

Store utfordringar

Den kristne utfordringa peikar ut fleire felt:

1. Det grunnleggjande er å tileigna seg Guds ord. Det er ikkje krise og problem som er dei kristne si leiestjerne. I spørsmål som grip så djupt inn i personlege røynsler og subjektive kjensler, treng ein særleg formaning om ikkje å vika bort frå Ordet. På Ordet sin grunn trengst det skapast frimodige haldningars til å reisa ekteskap og heimar i folket. Det må skapast haldningar som finn andre utvegar frå problem og vanskar enn oppløyste heimar. Her er ikkje berre tale om ekteskapet som einaste kristne ordning, men også om indre kvalitetar i heimen i pakt med bibelske ideal.

2. Det haldningsskapande arbeidet treng ikkje minst hjelpe unge menneske med førebuinga til å byggja gode heimar. Slik førebuing burde dei ha krav på. I dag er det eit tragisk paradoks at den krise som vi ser om ekteskap og samlivsspørsmål ikkje for lengst har ført til samfunnskrav om betre førebuing til ekteskapeleg samliv. Her bør det rettast søkjelys både mot skule og ungdomsarbeid.

3. Vi kjem heller ikkje forbi å setja ekteskapskrisa

inn i større sosialetisk samanheng. Sjølv om ikkje samfunnsstrukturar og ytre påverknad kan bera ansvaret for menneske sine personlege moralske val, kjem vi ikkje forbi vurdering av samfunnsfaktorar som er god grobotn for undergraving av heimen og ekteskapet.

4. Til sist kjem det nærgåande spørsmålet om personleg sjelesorg og rettleiing i ein konfliktfyld og konkret situasjon. Her spørst det både om ankerfeste i Guds ord og om varm omsorg og respekt for det einskilde menneske, «sanninga tru i kjærleik».

Ekteskapet — ei guddommeleg skaparordning

Etter Guds ord er ekteskapet ei guddommeleg ordning for livslangt og monogamt samliv mellom ein mann og ei kvinne. Guds ord er eintydig klårt i synet på ekteskapet både i GT og NT. Jfr. 1. Mos. 1,26ff, 2,18ff, Matt. 19,4ff, Ef. 5,21ff.

Guds opphavelege skaparvilje

Ekteskapet er uttrykk for Guds opphavelege skaparvilje. Når Gud skapte mennesket i sitt bilet, skapte han det til mann og kvinne, 1. Mos. 1,26. Kvinnen vart skapt som hjelp som høver for mannen, 1. Mos. 2,18. Det må tyda ein grunnleggjande einskap mellom dei to, noko Guds ord uttrykkjer klårt både i det same kap. 2 i 1. Mos. og som seinare vert stadfesta i NT. «Difor skal mannen skiljast frå far sin og mor si og halda seg til kona si og dei to skal vera eitt,» 2,24, jfr. Matt. 19,5, Ef. 5,31. Etter dette ordet er ikkje ekteskapet berre seksuell einskap, men eit totalt personsamfunn mellom desse to som eitt liv. Einskap og likeverd er dei to omgrepa som dekkjer tilhøvet mellom mann og kvinne i ekteskapet. Bibelen sitt syn på ekteskapet tek nemleg både likeverdet og kjønnsskilnaden på alvor.

Guds ord set først og fremst lyset på ekteskapet sitt innhald. Det er Guds gode vilje at mor og far og born skal få leva i kjærleik og omsorg for kvarandre.

I heimen skal dei eiga kraft og inspirasjon til sunn livsutfalding og teneste for andre menneske. Heimen er ikkje berre det minste av alle samfunn, men også berebjelken og drivkrafta til alle gode menneskelege fellesskap.

Gjeld alle menneske

Ekteskapet som skaparordning gjeld alle menneske. Det er uavhengig av skiftande samfunnsordningar og kulturmønster. Med det er det heller ikkje berre samlivsform for kristne menneske. Gud har innstifta ekteskapet som si gode samlivsordning for alle menneske — fordi han har skapt alle. Dette er viktig å understreka i vår tid. Det er så mange samlivsformer som pressar på. Det vert også sett fram krav om at staten må godkjenna ulike samlivsformer som likeverdige — tradisjonelle ekteskap, «ekteskap» utan lovnad om livslang truskap, sambu, homofile «ekteskap» m.m. I denne situasjonen må vi halda fram Guds ord. Kravet til ekteskap mellom ein mann og ei kvinne er ikkje Guds ordning av sin kyrkjelyd, men hans skaparvilje for alle menneske.

Tufta på to pilarar

Etter Guds ord er ekteskapet tufta på to grunn-pilarar.

Den første pilaren er den truskapslovnaden som dei to gjev kvarandre. Dei to som er glade i kvarandre, lovar å elska og æra kvarandre, og vera trufaste hos kvarandre i gode og vonde dagar til døden skil dei åt (vigselsritualet).

Den andre pilaren er den offentlege stadfestinga og anerkjenninga av denne truskapen. Ekteskapet startar altså når dei to har fått sett sin personlege

truskapslovnad inn i ein offentleg, juridisk samanheng. Også her talar Bibelen klårt.

«Står det eigentleg i Bibelen at vi må gifta oss?» Spørsmålet er ikkje uvanleg langt inne i kristne ungdomsmiljø. Ungdomsleiarar og foreldre er også usikre på korleis dei skal takla dei unge sine nærgåande utfordringar.

Svaret er nærmare enn ein er klår over. Det greske ordet for ekteskap er det same ordet som for bryllaup. Fleire andre uttrykk underforstår den same offentlege og juridiske samanhengen. «Mannen skal forlata far og mor», d.v.s. flytta ut av ein fast sosial relasjon og inn i ein ny. «Han skal halda seg til kona si og dei to skal vera eitt (kjøt)». Dette er «det som Gud har bunde i hop». Denne «flyttinga» og overgangen til «eitt kjøt» er i Bibelen ikkje ei privatsak, men nettopp offentleg og juridisk bindande (det var difor ein i det heile kunne tala om reglar for oppløsing av fellesskapet.) Det sjette bodet vitnar om det same. Bodet skal hindra seksuelt samliv utan at det er rettyldig ekteskap. I GT var det også streng straff om ein braut seg inn i eit ekteskap, 5. Mos. 22,22. Det er altså heilt usant når nokon står fram og hevdar at ekteskapsvigsle er menneskeleg tradisjon utan direkte tilknyting til Bibelen.

Det seksuelle samlivet

Det seksuelle samlivet er ei vesentleg side i det ekteskapelege samlivet. Seksuallivet er Guds gode vilje for mann og kone. Her skal det levast ut det Gud har lagt ned i dei to til kvarandre. Det er difor rett å tala om seksuallivet sin eigenverdi som utdjuping av kjærleikslivet mellom ektefolka. Kjærleik og seksualliv er Guds gode gåve til ektemakane.

Det er difor viktig at dette ikkje vert opplevd som skittent og syndig, som ein helst skal vera varsam med. Guds ord seier klårt at ektemakane skal leva seksuelt saman. «Mannen skal gjera sin skyldnad mot kona, og likeeins kona mot mannen. Kona rår ikkje over sin eigen kropp, men mannen. Likeeins rår ikkje mannen over sin eigen kropp, men kona.» 1. Kor. 7,3-4. Det er difor viktig og rett at ektemakane saman hjelper kvarandre til eit godt seksuelt samliv.

Men det seksuelle samlivet siktar også på å føra slekta vidare. «De skal veksa og aukast, fylla jorda og leggja henne under dykk.» 1. Mos. 1,28. Det er i ekteskapet Gud vil at borna skal koma til verda. Gud har innstifta ekteskapet og heimen med dette vesentlege føremålet. Borna er Guds velsigning og «lån» til mor og far, 1. Mos. 4,1, 33,5. Kristen vegleiing vil difor måtta motverka tendensar og haldningar i tida der born er uønska og i vegen for egoistisk livsutfalding. Dersom ikkje «naturen hindrar» dei, bør mann og kvinne i ekteskapet innretta livet sitt slik at dei kan ta på seg ansvar som far og mor. Dette tyder likevel ikkje at ektepar på ansvarleg måte ikkje kan planleggja når og kor mange born dei ønskjer. I vår tid er det mykje tale om at borna må vera ønskte. Det er ein menneskerett å vera ønskt, kan det heita. Så snur ein det slik til at er ikkje barnet ønskt, kan ein drepa det i mors liv gjennom abortinngrep. Etter kristen rettleiing skal derimot kvart menneske avla i mors liv ønskjast velkome. Alt må leggjast til rette for at alle born kan få gode oppvekstvilkår.

Denne grunnleggjande rettleiinga i Guds ord fortel også at seksuelt samliv utanom ekteskapet er synd og hor, brot på Guds vilje. Samlivet mellom

kvinne og mann i Bibelen er alltid underforstått å verta levd ut innanfor det lovlege ekteskapet i motsetning til fritt kjærleiksliv som er hor og synd, 1. Kor. 6, 15ff, Ef. 5,3, 1. Tess. 4,3, Hebr. 13,4. I dei ti boda har også Gud på grunnleggjande måte verna ekteskapet og heimen. Jfr. 2. Mos. 20, om det 6., 9. og 10. bodet. I vår tid veit vi at Bibelen si vegleitung vert problematisert på dette feltet. Statistikk fortel at fleire og fleire flyttar saman utan vigsel. Sambuarar gjev krav på samfunnet si akseptering på lik line med ekteskap. Sameleis står homofile fram med same krav for homofile par.

Bibelen talar klårt at hor ikkje kan sameinast med kristent liv. «Hor, — må ikkje ein gong nemnast mellom dykk. Slikt søker seg ikkje for kristne» Ef. 5,3 jfr. 1. Kor. 6,9, Rom. 1,27. Kristne kan aldri godta sambu og homofilt seksuelt samliv når Bibelen forbyd det.

Skilsmisse og attgifte — brot på Guds gode vilje

Den bibelske læra om ekteskapet og seksuallivet er også den grunnleggjande rettleiinga om skilsmisse og attgifte. Ekteskapet er livslangt og seksuallivet skal levast ut innanfor denne samanhengen. Skilsmisse er etter Bibelen i prinsipiell strid med Guds vilje med ekteskapet. «Det som Gud har bunde saman, det skal ikkje menneske skilja», jfr. Matt. 19,3ff, Mark. 10,2ff, Matt. 5,28ff, Rom. 7,1ff, 1. Kor. 7,10.

Bibelen reknar likevel med at skilsmisse kan verta utvegen i særlege høve. I gamaltestamentleg tid utvikla det seg ein liberal skilsmissepraksis, jfr. 5. Mos. 24,21ff, men dette er ikkje Guds gode vilje. Ingen treng vera i tvil om kva Gud vil. «Ver ikkje utru mot di ungdomskone. Eg vil ikkje vita av skilsmål, seier Herren, Israels Gud», Mal. 2,15—16. Skilsmisse vart forordna av Moses «for dei harde hjarto si skuld». Sjølv om oppløysing av ekteskap er i strid med Guds vilje, tillet Guds ord skilsmisse som nødordning i visse høve for å hindra endå større skade.

To skilsmissegrennar

Det nye testamentet synest eigentleg å rekna med to skilsmissegrennar:

1. Den første vert gjerna kalla «utuktsklausulen», og står slik i Matt. 19,9: «Den som skil seg frå kona si **for annan grunn enn hor**, og gifter seg med ei anna, han bryt ekteskapet.» Når ein av ektemakane

lever seksuelt saman med nokon utanfor ekteskapet, er det altså brot på ekteskapsbandet. Dersom den andre ektemaken i ein slik situasjon sokjer skilsmisse, er den truande fri til å la dette skje. Det er den som driv hor som har ansvaret for at heimen vert oppløyst.

2. Den andre grunnen finn vi i 1. Kor. 7. Samanhengen her er i «blandingsekteskap», og tankegangen er då denne: Når den eine ektemaken er vorten kristen og den andre ikkje ønskjer å leva med ein av denne grunnen, då skal den kristne tillata den andre å gå (v. 15).

I båe tilfelle må det understrekast; det må ikkje nødvendigvis verta skilsmisse. Det beste er om synd kan gjerast opp og tilgjevest der den eine har vore utru. I blanda ekteskap skal den truande i bøn og kjærleik og audmjuk ferd prøva å vinna ektemaken for Gud.

Attgifte

Attgifte er det neste vanskelege spørsmålet. Kva er bibelsk vegleiing om dette?

Den grunnleggjande vegleiinga finn vi i desse bibelordia: «Den som skil seg frå kona si og gifter seg med ei anna kvinne, han bryt ekteskapet». Luk. 16,18, sjå også Matt. 5,32.

Det vert hevdat at GT og jødedomen på Jesu tid ikkje kjende til noko form for skilsmisse utan at det gav løyve til attgifte. Det vert m.a. hevdat Jesu ord i Matt. 19,9 må tolkast i lys av dette.

Nå har vi likevel endå eit haldepunkt når vi skal vurdera dette, nemleg 1. Kor. 7,10–11: «Dei som er gifte, byd ikkje eg, men Herren: ei kone skal ikkje skilja seg frå mannen sin, men om ho skil seg, skal

ho leva ugift eller semjast med mannen, og ein mann skal ikkje skilja seg frå kona si.»

Om vi tolkar Matt. 19,9 i lys av dette, skulle konklusjonen vera at Jesus ikkje tillet attgifte. Den bibelske rettleiinga synest difor å vera klår. Attgifte er prinsipielt brot på Guds vilje. Den skilde skal enten leva ugift eller forlika seg med ektemaken sin.

Det vanskelege spørsmålet er om det i Bibelen likevel finst unntak frå denne hovudregelen. (Når det gjaldt skilsmissa som brot på Guds vilje, såg vi at det var to unntak.) I den kristne kyrkja har det vore ulike svar på dette. I evangelisk teologi og etikk har det gjerne vore tale om to «syn» (i katolsk teologi er ekteskapet eit sakrament og dermed uoppløyseleg. Oppløysing er prinsipielt å forstå slik: ekteskapet vert dømd ugyldig inngått).

Egentleg er det tolkinga og konsekvensen av forståinga av eitt og same bibelord som skil dei to syna i evangelisk etikk frå kvarandre. Matt. 19,9.

Utuktsklausulen «for anna enn hors skuld» vert av mange forstått slik: Har det funne stad lovleg skilsmissa, er den uskuldige part også fri til å inngå nytt ekteskap. Dette synet har gjerne vore kalla «Det gamal-lutherske synet» (reformasjonsfedrene tolka det slik.)

Det andre synet må kallast meir restriktivt. Tankegangen er i hovudsak denne: Attgifte vert berre ei indirekte tolking av Matt. 19,9. Det er difor viktig å lesa dette ordet i lys av andre, klårare ord. Korkje Matt. 5,32 eller 1. Kor. 7,10 talar om unntak. I Matt. 5,32 er ordlyden ulik i første og andre del av verset: («Den som skil seg frå kona si av annan grunn enn hor, han valdar at andre bryt ekteskapet med henne. Og den som gifter seg med ei fråskild kvinne, bryt ekteskapet.») Når det gjeld skilsmissa,

ser vi at Jesus talar om «anna grunn enn hor.» Når han talar og seier nei til attgifte, tek han ikkje med unntak for visse skilsmissegunnar! Det er difor ikkje haldbart å avgjera ei så alvorleg sak på ein indirekte skriftlogikk, som også synest å vera i strid med klårare ord. Mark. 10,11–12, Luk. 16,18. Det synest å vera klårt i Bibelen at attgifte er ekteskapsbrot så lenge den første ektemaken lever.

«Dei som er gifte, byd ikkje eg, men Herren: Ei kone skal ikkje skilja seg frå mannen, men om ho skil seg, skal ho leva ugift, eller semjast med mannen, og ein mann skal ikkje skilja seg frå kona si.» 1. Kor. 7, 10–11.

Sjelesorg og rettleiing

Ordet er leiestjerne

Den bibelske undervisninga om ekteskap, skilsmisses og attgifte er den eigentlege sjelesorg og rettleiing i desse vanskelege spørsmåla. Det beste for oss alle er å følgja Guds vilje og bod. Hans bodord er det beste vern om det finaste Gud har gjeve menneske — evne og høve til å leva kjærleikslivet ut i heim og ekteskap. Sjelesorg og kristen vegleiing må alltid vera tufta på Guds ord. Sjelesørgjaren har ikkje sjølvstendig mandat til å finna «fornuftige» løysingar ut frå eigen tanke og samvit. Ordet er hans leiestjerne.

Dette ankerfestet fører likevel ikkje til enkle løysingar for alle einskilde situasjonar menneske møter i dag. Sjelesorg og etisk vegleiing krev ofte under bøn både grundig skriftstudium, vanskeleg tilgjengeleg tolking og systematisk etisk resonnement før ein kan staka ut ein kurs å følgja. I mange tilfelle står ein også tilbake med varsame etiske råd. Den som mottek sjelesorg og rettleiing, må sjølv til slutt førast inn i bønekampen for å prøva samvitet sitt på Guds ord.

I det følgjande vil vi ta fram nokre aktuelle spørsmål innanfor vårt hovudtema. Det er ikkje dei einaste. Vi vonar likevel at det vi varsamt peikar på her, kan verta til vidare råd og hjelp til eige skriftstudium også i andre vanskelege spørsmål.

Det er viktig at Bibelen beint fram får rettleia oss i desse vanskelege etiske spørsmåla. Det er kvar kristen sitt ansvar å ta til seg Guds ords rettleiing. I særleg grad bør kristne med leiaransvar i foreiningar og venesamfunn setja seg grundig inn i kva Guds ord seier. Vi vil også gje råd til lokale leiarar at dei gjerne rádfører seg med både krinsleiing og hovudleiing i vanskelege etiske konfliktsaker. Desse leiarane sit gjerne inne med kunnskap og røynsler om liknande situasjonar andre stader. Det kan verta til god hjelp. Denne kontakten kan også motverka presset utanfrå om ulik haldning og freistnad på å skapa motsetnader.

Fleire skilsmissegunnar?

Er det fleire skilsmissegunnar enn utruskap og blandingsproblemet? I livet sin kvardag og strid er dette spørsmålet nærgåande. Vi ser i dag eit stort press på særleg å utvida omgrepet utruskap til også å gjelda meir enn seksuallivet. Med det kan ein lettare utvida grunnar for skilsmisse. Slikt er det vanskeleg å finna dekning for i Bibelen. Sjelesørgjaren kjem i kontakt med ektemakar som ikkje er vorte utsette for direkte seksuell utruskap. Men den andre har gjerne brote vanleg ekteskapleg samliv, utsett ein for psykisk og/eller fysisk vald. I dei seinare åra har særleg mange kvinner sine problem på desse områda kome til syne. Bør ikkje desse kvinnene hjelpast og koma seg ut av denne vonde sirkelen? Jau, opplagt. Dei treng all hjelp og støtte både frå samfunnet, grannar, vene og den kristne forsamlin-ga. Men når det ikkje er godt gjort med skilsmissegunn i NT, bør vi vera svært tilbakehaldande med skilsmisse som utveg. Ut frå Bibelen sitt grunnlegg-

jande syn på ekteskap og skilsmisses bør ein annan utveg verta den naturlege. I ein valdssituasjon bør ein gå konkret inn og hjelpa. Ein bør kartleggja årssakssamanhengen. Ofte vil det vera bruk for medisinsk hjelp til både ektemakane. I slike situasjoner kan det opplagt verta trøng for samlivsbrot og fråflytting, både for å berga eige liv og helse, og helse for borna. Men som vitnemål om at ekteskapet er ukrenkjeleg vil slik fråflytting prinsipielt vera meint å vera tidsavgrensa for på ny å prøva og byggja heimen på rett måte.

Attgifte i kristen samanheng

Attgiftespørsmålet kjem i dag ofte opp i den kristne forsamlinga med denne situasjonsbakgrunnen: gift og skild i svært ung alder. Mange vonde sår og minner. Seinare kjem ein inn i den kristne forsamlinga, vert omvendt til Gud, får tilgjeving og oppreising til nytt liv, og går med brennande ønskje om å tena Kristus. Indre draumar vaknar til live. Lengten kjem etter å byggja ein kristen heim der ein kan få og gje kjærleik. Kjærleikskjenslene vert vakte, ein vert glad i ein medkristen. Så kjem problemet: Alle synest ikkje det er sjølvsagt at ein «berre» kan gifta seg. Men gjeld ikkje tilgjevinga for slik synd? Er ein ikkje heilt fri? Er det ikkje best at dei gifter seg? Vi skal vera varsame med å setja oss til doms over andres samvit. Spørsmål som grip så djupt inn i det personlege livet kan ikkje verta brutalt avviste. Likevel er ikkje alt sagt. Guds vilje er god, også når han er uskjönleg eller i strid med menneskeleg fornuft. Eit liv i Guds velsigning er ikkje alltid eit liv i medgang. I motgang og liding fører også Gud sine barn. Eit viktig moment må inn for slike som vert kristne

etter skilsmissen. Ekteskapet er skaparordning, og Guds «krav» til ekteskap og skilsisse gjeld alle menneske utan omsyn til tru. Tilgjeving for synd og oppreising kan difor ikkje føra til fri veg for nytt ekteskap. Nåden og tilgjevinga er til eit liv i samsvar med, og ikkje i strid med Guds vilje, jfr. Rom. 6,1ff.

Sambu

Korleis skal vi førehalda oss til sambu? Svaret er heilt klårt utan at vi viklar oss inn i den «fornuftige» argumentasjonen vi ofte møter i dag. Å leva saman seksuelt eller som ektefolk utan offentleg vigsel er synd, hor og brot på Guds vilje. Om det er «tilfeldige forhold» eller meir permanent sambu er ikkje avgjerande. Kristne kan difor aldri anerkjenna sambu som samlivsform. Menneske som lever i sambu lyt få høyra dette. Deira sambu kan ikkje anerkjennast, heller ikkje samarbeid i den kristne forsamlinga er mogleg med slike. Men, menneskeleg skal slike menneske møtast med kristen omsorg og ekte nestekjærleik, jfr. 1. Kor. 5,1ff. Dei er sjølvsagt velkomne til kristne samlingar og såleis få høve til å høyra Guds ord. Men — som for alle truande — gjeld det at ingen kan få leiaransvar i den kristne forsamlinga utan at Guds ord er rettesnor for lære og liv.

Homofile

Bør kristne godta homofile «ekteskap» og seksuelt samliv mellom slike? Kristne har inga fullmakt til å tillata det som Bibelen forbyd og dømer som synd. 3. Mos. 18,22, 20,13, Rom. 1,26ff, 1. Kor. 6,9. Homoseksuell praksis er i NT eit av kjenneteikna

på ugudeleg liv. Rom. 1,26–27. Som kristne er vi også her bundne av Bibelen. Vi har ikkje lov til å gjera oss klokare enn Ordet.

Men også her må vi leggja til: Homofile skal møtast med kristen omsorg og ekte nestekjærleik (jf. det som er sagt om sambu.) Vi må vera merksame på at mellom oss kan det vera unge med uklare kjensler som dreg i fleire retningar. For mange regulerer dette seg, men det er godt at særleg foreldre og kristne leirarar er klar over problema.

Vi skal også hugsa på homofile som lever i det kristne fellesskapet der dei ønskjer å leva i samsvar med Guds vilje med dei seksuelle kjenslene sine. Desse treng både omsorg, inkludering og anerkjening som kristne og kristne medarbeidarar.

Incest

Seksuell omgang mellom nære slektninger (blodskam/incest) er alvorleg synd i Bibelen, 3. Mos. 18,6ff, Mark. 6,18, 1. Kor. 15,1ff. Bak denne synda ligg ofte sjukdom der det trengst medisinsk og inn-siktsfull psykiatrisk hjelp.

Det er viktig at personar som gjer seg skuldige i incest vert rettleia på ein fast og omsorgsfull måte. Det kan også vera nødvendig å ta fleire førehaldsreglar slik at fall vert hindra.

I dei seinare åra har det vore meir og meir openberra kva problem og lidingar incest-ofra slit med. Først og fremst treng desse god medisinsk hjelp. I den kristne forsamlinga må dei også få all hjelp og omsorg. Dei skal møta både diskresjon og forståing for lidingane sine. Desse lidingane må nemleg ikkje bagatelliserast eller skyvast ut.

Attgifte etter «lovleg» skilsmisses

Når det gjeld attgifte etter «lovleg» skilsmisses, har vi tidlegare gjort greie for hovudpoenga. Bibeltru tolking har kome til ulik konklusjon. Den gamal-lutherske tolkinga opnar for att gifte når skilsmisses grunnen var hor eller «blanda» ekteskap. Vi kan difor vanskeleg oversjå at kristne har funne samvitet sitt fritt i Guds ord i denne tolkinga. For vår del har vi likevel ikkje funne klår dekning i Guds ord for att gifte i det heile. I tillegg til den direkte bibelske forståinga av dette spørsmålet (som er avgjerande), vil vi her også nemna den folkepedagogiske sida. Alle som har hatt å gjera med ekteskapsrettleiing og mekling, veit at det er svært vanskeleg å avgjera kven som er «den uskuldige part». I ei tid med mange ekteskapsbrot og mange oppløyste heimar treng folket vårt ei sterk rettleiing om alvoret og hjelp til å reisa opp att respekten for det livslange ekteskapet.

Attgifte for kristne leiarar

Eit aktuelt spørsmål i dag er spørsmålet om skilsmisses og att gifte for kristne leiarar. Her er svaret ikkje så lett når vi skal gå frå generelle moment til konkrete og kompliserte tilhøve. Lever ein i erkjenning av synda og oppgjeret for Gud og menneske? Bibelen leier ein kristen som ope har synda, til oppgjer med forsamlinga jfr. Matt. 18. På denne måten hindrar ein at den negative surdeigen et om seg og bryt ned respekten for Guds ord mellom menneske både i og utanfor den kristne forsamlin-

ga. Ein kjem heller ikkje forbi at Guds ord stiller krav og formaningar til kristne leiurar. Med omsyn til vårt emne er særleg eitt uttrykk aktuelt: «mann til ei kvinne», 1. Tim. 3,2,13. Det synest å tyda at dei generelle krava Guds ord stiller til kristne (jfr. 1. Kor. 7), gjeld i særleg grad at dei som vert tiltruud leiarteneste, åndelege tillitsverv og forkynnarteneste i den kristne forsamlinga, ikkje vert gjevne til menneske som har handla mot Guds ord gjennom attgifte. Deira liv vil lett stå i motsetning til det kristne vitnemålet om ekteskapet som livslangt samliv mellom ein mann og ei kvinne, jfr. Tit. 1,5ff. Om mange skulle «godta» den skilde og attgifte si teneste, vil det også vera støytestein og samvitsvanskar for andre. Nei til leiarverv er ikkje det «harde» nei og utestenging. Alle som gjennom oppgjer og tilgjeving lever i Guds lys, skal møtast av omsorg til samfunn i den kristne forsamlinga.

Når det gjeld kristne leiurar som er skilde og ikkje gifte på ny, vil det vera aktuelt med rettleiing. Også her vil det vi har understreka om erkjenning og oppgjer vera viktig. Vidare vil vi få nemna: I ein eventuell skilsmisse-prosess bør ein leiar orientera sine nærmeste medarbeidarar i styret og be om avløysing medan «saka» pågår. Skilde bør kunna koma attende til leiarteneste seinare, dersom det etter tid vert naturleg tillit mellom den skilde og forsamlinga. Vi vil også her understreka at kristne som opplever skilsmiseproblemet — ikkje minst leiurar — treng mykje forbøn og omsorg. Djævelen, som gjerne vil øydeleggja heimen, han har også som sitt fremste mål å føra menneske bort frå trua. Manglande omsorg og forbøn frå den kristne forsamlinga kan difor verta særleg katastrofalt.

Unge som syndar mot det sjette bodet

Korleis skal vi førehalda oss til unge som syndar mot det sjette bodet? Korleis skal leiarane i den kristne forsamlinga møta unge par der jenta er vorten gravid?

Også i slike situasjonar er det vesentleg at vi syner klår bibelsk haldning og samtidig varm kristen omsorg.

For det første må vi understreka det generelt viktige — klår forkynning av Guds vilje om at seksuallivet hører ekteskapet til. Synd mot det sjette bodet må — som all synd — vedkjennast for Gud.
1. Joh. 1,7—9.

Opa synd syner Guds ord til opa vedkjenning, Matt. 18. Korleis føreheld vi oss så i ein konkret situasjon? Vi prøver å få fram rettleiinga gjennom ein illustrasjon. To av ungdomsleiarane i eit bedehus har fast følgje. Så hender det at dei forgår seg, jenta vert gravid. Dei veit dei har synda, og kjenner samvitsdommen. Dei går til formannen i misjonslaget og vedkjenner fallet sitt. Kva bør vera vegen vidare? Vi peiker på nokre aktuelle moment.

— Formannen stadfestar i smerte Guds ord om at seksuelt samliv mellom ugifte er brot på Guds bod.

— Formannen stadfestar i glede at djevelen ikkje fekk sigeren når dei to unge vedkjenner si synd og stig fram i lyset.

— Formannen gjev uttrykk for omsorg for dei to og barnet i den vanskelege tida dei vil gå i møte.

— Formannen samtalar med dei om tilhøvet til forsamlinga etter fallet og tillitsbrotet.

I forsamlinga er det også viktig at det råder både klår bibelsk haldning og varm kristen omsorg. Synda

skal ikkje orsakast eller bagatelliserast, men erkennast. Men samtidig må dei to få all omsorg og hjelp. Her kjem vi ikkje utanom å bringa inn abortpresset i vår tid. Det er nemleg slik at med den abortlova vi har, kan ein i dag løyna ei synd med å utføra ei som har større konsekvensar. Den unge gravide jenta treng all omsorg og støtte til å bera barnet fram. Slik omsorg frå den kristne forsamlinga til alle ugifte mødre kan paradoksalt nok verta eit særtruverdig vitnemål i kampen for det ufødde livet.

Bør dei to verta gifte? Dette spørsmålet vil naturleg nok koma på tale. Vårt generelle råd vil vera slik: ver varsame, og skunda ikkje for mykje på. I ein situasjon som vår illustrasjon, bør ein nettopp vera forsiktig med å gå for hurtig fram. Ikkje minst jenta si psykiske helse tilseier at ein skal vera forsiktig med ei slik alvorleg avgjerd i denne situasjonen. På den andre sida er det naturleg at dei to alvorleg arbeider med å ta felles ansvar for si handling og det barnet dei har avla. Ønskjer dei å byggja vidare mot ekteskap, må dei difor få all hjelp og støtte til det.

I den kristne forsamlinga

Å leva i strid med Guds vilje, har konsekvensar for tilhøvet til den kristne forsamlinga, Matt. 18, 15–20.

Alle er sjølvsagt velkomne til å høyra Guds ord og å søkja hjelp og rettleiing. Det tyder likevel ikkje at ein t.d. kan «akseptera» folk ved nattverdbordet som lever i openberr synd, om dei er formant til omvending og likevel ikkje vender om.

Å formana med sanningsordet er ikkje kjærleikslaus fordøming, men Guds kall til omvending og nytt liv. I Klagesongane 2,14 heiter det om dei falske

profetane, «dei synte deg ikkje di skuld, så dei kunne venda din lagnad.»

Det må berre leggjast til; alle som står i denne formaningssituasjonen må be om mykje varme og smerte i si ånd. Då kan den som vert formant, merka Guds godeleik som driv til omvending.

Kristen strategi for heim og ekteskap

I forlenginga av sjelesorg og rettleiing er det viktig å understreka det haldningsskapande arbeidet gjennom undervisning og forkynning. Den kristne sjelesorga og rettleiinga må nemleg vera meir enn nødhjelp og problemløysing. Det skal det sjølvsagt også vera. Nærkontakten med problema (medmenneske med problem) er avgjerande for truverdig sjelesorg og rettleiing. Men nærkontakten byr også på den faren at overlyset kan verta borte. I dag er det særleg viktig å mana til haldningsskapande arbeid og førebygging av problema. Når ekteskapet slår sprekker, er det ikkje alternative samlivsformer vi treng. Langt meir treng vi henta fram frå Skrifta Guds vernemekanismer for eit godt og sunt ekteskap. Når unge skilde vert kristne, skal det ikkje vera første gongen dei møter «problem» med attgifte. Dei skulle ha hjelp til i oppveksten å få læra om «ekteskapet til døden» før dei gjekk inn i det. I dette siste hovudkapitlet vil vi peika på nokre sentrale område for aktuell kristen strategi for heim og ekteskap.

Forkynning og undervisning — hustavlene

I forkynning og undervisning treng vi grunnleggjande vegleiing om ekteskapet som Guds gode

skaparordning. Vernet om heimen (jfr. 6., 9. og 10. bodet) høyrer med til Guds gode ordning då han førde folket ut or trælehuset, 2. Mos. 20,1ff. Der dette vernet vert undergrave i dag, fører det menneske attende til trælekår. Det er dette «draumen om det frie mennesket» i dag løyner for folk. Så haustar ein dei bitre fruktene av det som er sådd.

Den bibelske offensiven tek fram hustavlene. Her kjem det fram at Guds ord talar ikkje berre om ekteskapet som ordning for heimen, men også noko langt meir. Guds ord er oppteke av rettleiing om korleis ektefolk og born kan få fram bibelsk djupn over kjærleiken og samlivet i heimen.

Til båe ektefolka seier Guds ord: «Ver kvarandre underordna i age for Kristus.» Ef. 5,21.

Til mannen seier Guds ord: «De menn skal elska konene dykkar, liksom Kristus elska kyrkja og gav seg sjølv for henne.» Ef. 5,25.

Til kvinnen seier Guds ord: «Dei gifte kvinnene skal underordna seg under mannen sin som under Herren sjølv.» Ef. 5,22. Til borna seier Guds ord: «De born skal vera lydige mot foreldra dykkar for Herrens skuld, for det er rett.» Ef. 6,1.

Til foreldra seier Guds ord: «De fedrar, vekk ikkje sinne og trass hjå borna, men gjev dei den oppseding og rettleiing som er etter Herrens vilje.» Ef. 6,4.

Kvar bør nøye ta til seg «sitt» ord!

Her er utfordring også til den kristne heimen til i særleg grad å leva ut dei bibelske kvalitetane både til hjelp for kvarandre og til vitnemål for andre.

Den kristne forsamlinga sitt vitnemål om ekteskapet treng i dag ikke minst setja sokelyset på å styrkja ekteskapet sitt **innhald**. Det er ei overlag viktig målsetjing i seg sjølv. Dessutan gjer det omsorga for

ekteskapet som ordning enno meir truverdig for folk flest. Ein av dei store vanskane for ekteskapet som samlivsordning, er for mange unge i dag ikkje minst problemet med deira røynsle frå foreldra sitt ekteskap. Dette gjeld også mange kristne heimar. Lukkar vi augo for dette problemet, er det berre oss sjølve vi lurer.

Sentral kvalitet i den kristne heimen er den opne, tillitsfulle samtalen, fellesskapet og samlinga om Guds ord og bøn. Husandakten er det åndelege ankerfeste for kristne heimar. Foreldre og born står her saman under Guds Ords tale i lov og evangeli-um. I Ordet hentar vi trøyst i evangeliet og mål for truslivet. Her hentar vi rettleiing til kvardagslivet i samfunnet og den kristne forsamlinga.

Det er ein vesentleg strategi for heim og ekteskap å styrkja husandakten. Ektemakane treng dette. Borna - som ofte møter «utvatna kristendom» utanfor heimen — treng nettopp foreldra si omsorg for deira åndelege liv på denne måten.

I oppbygginga av kristne dygder og kvalitetar som kjærleik, heim og ekteskap er det også trøng for ei viss sanering av «kristeleg tradisjon» vi har arva frå fortida. Den bibelske underordningstanken må presenterast kjemisk fri for alt som smakar av «underku-ing». Den kristne kjærleikskvaliteten sementerer ikkje utan vidare eit bestemt historisk kjønnsrolle-mønster der særleg kvinna vert «underordna» på ein måte som meir hindrar enn fremjer bibelsk underordning og gjensidig omsorg (kvinna si underordning har i NT ikkje motsvar i mannen si overordning.) Både i samarbeid om oppgåver i heimen og i økonomisk styring er det særleg aktuelt å retta søke-lyset mot mykje kristeleg tradisjonalisme. Her er det også i høg grad aktuelt å utvikla kristne ideal tilpassa

både notida og framtida. Det er nemleg ikkje alle nedarva familiemønster som utan vidare er bibelske prinsipp og allmenngyldige sanningar.

Faktorar som trugar i samfunnet

Det haldningsskapande vernet om heim og ekteskap lyt også retta søkjelyset mot dei faktorar som trugar i samfunnet i dag.

På det politiske plan er det mange område som har innverknad på ekteskapet og heimen: bustadpolitikk, økonomisk politikk, arbeidstilhøve m.m. Her er det viktig å setja søkjelyset på heimen. Konkrete politiske løysingar hører det verdslege regimentet til. Det er ei sak for styresmaktene. Difor vil kristne med bruk av fornuften koma til ulike resultat. Men ingen kan la vera å setja temaet på dagsordenen, og spørja etter konsekvensane av standpunkt og løysingar.

Eit særleg ømt område i dag er bustadsituasjonen og kostnadsnivået. Det press mange unge par har for å skaffa bustad og finansiera bustad, er ikkje til hjelp for kristen familiestrategi.

I vårt mediasamfunn er haldningane ofte påverka av kjendisar som førebilete. I film, teater, litteratur og kulørt presse vert det i stor grad fokusert på oppløysing av kjendis-ekteskap og umoralsk livsmønster. Dette er ikkje nøytral underhaldning, men samfunnsskadeleg påverknad. Det finst ein alvorleg smitte-effekt som må takast på alvor. Om ikkje vil samfunnet kunna rotna av denne surdeigen. Historia er ikkje utan døme på kultursamfunn som gjekk til grunne fordi familieetikken vart neglisjert.

Vi treng påvisa at haldningane til ekteskap, heim

og trufast kjærleiksliv i livsforpliktande omsorg er sjølve løyndommen og grunnpilaren i ekte solidaritet og omsorg for andre — særlig den svake part.

Kulturliberalismen si myte om at alt vert godt og mennesket lukkeleg dersom kvar og ein fritt får velja moralsk, må avslørast og kjempast imot. I kampen for kristent vern om heim og ekteskap og ekte kjærleiksliv, kjem vi ikkje utanom sjølve menneskesynet. Mennesket er Guds fremste skapning, skapt i Guds bilete, med uendeleig verdi, sjølvstende, fridom og innebygd kall til skapande og omsorgsfull innsats og solidaritet. Men mennesket har også frå sine første foreldre vendt Gud ryggen. Mellom «dei vonde tankane» som kjem frå mennesket sitt hjarta og syndige natur, er også ekteskapsbrot og hor, Matt. 15,19, Gal. 5,19. Det høyrer til Satans øydeleggjande strategi å freista menneske til seksuelt fall. Det som Satan prøver å innbilla folk som lukke, skal avslørast som det det i sanninga er; samfunnsfiende og med det fiende for mennesket.

I det haldningsskapande arbeidet for ekteskapet er det vesentleg å avsløra den falske fornuftige skils-misse-argumentasjonen. «Det er betre med skils-misse enn stadig krangel og uro.» «Det er også betre for borna å ha eine-foreldre enn utryggleik hos for-eldre som er i stadig konflikt.» Det er ikkje vitenska-peleg grunnlag for denne defensive argumentasjonen. Som kristne har vi også ei heilt anna utfordring. Vi vil heller gjera noko med det. Den vonde situa-sjonen skal brytast med uthaldande kvalitet i om-sorg og fellesskap.

Det største trugsmålet mot ekteskapet kjem tru-leg likevel ikkje frå samfunnet og verdsleggjeringa der. Langt alvorlegare er utvatninga og den falske toleransehaldninga som skjer i kristent namn. Ein

vert redd for å halda fram bibelsk vegleiing i redsel for å støyta nokon. Ein hindrar at folk får vondt samvit og kjenner dommen over synda, som etter Guds ord er grobotn for omvending og nytt liv, jfr. Klg.s.2,14.

Ekteskapsførebuinga

Vesentleg strategi for vern om ekteskap og føresetnad for gode heimar er ekteskapsførebuinga. Kva ressursar vert sett inn her i dag? Svaret treng ikkje stor spalteplass. Svikten er både stor og katastrofal. Medan det er slik at mangel på mange område reiser store utfordringar til oppseding og utdanning, er ekteskapskrisa mest totalt utan røyster som set søkjelyset på grundig førebuing for å gjera heimane trygge og stabile gjennom livslange ekteskap i trufast omsorg for kvarandre. Frå samfunnet si side er mest det motsette tilfelle. Lauslivnad og «seksuelle forhold» hos unge vert møtt av helsedirektoratet si «hjelp» til å leva trygt i synda. I staden for å styrkja ekteskapet, tilpassar ein lovverket til den nye samfunnsmoralen. I skulen synest ofte redsla for å «støyta» foreldra sitt livsmønster å vera viktigare enn å førebu barn og ungdom for å leva i livslang truskap. Kristent barne- og ungdomsarbeid har truleg også lite å rosa seg over. Her er store utfordringar.

For det første treng unge menneske læra korleis dei etter Guds vilje skal vinna make i heilagdom og ære. For det andre treng ekteskapsførebuinga gje grundig hjelp og rettleiing om kjærleik og samlivsspørsmål som økonomi, seksualliv, barneoppstilling og gjensidig samarbeid i heimen.

Kjærleiken har fleire faner som det er viktig å heisa i dag: vilje til truskap, vilje til samfunn og te-

nesten, vilje til ansvar for borna. Kjærleksforståinga er vesentleg. Gjennom vekepressa og mange andre kanalar er kjærleiken innhaldsbestemt som lystkjensle og eigen vilje. Kvalitetar som truskap, om-sorg, tolmod og vedhaldande solidaritet i gode og vonde dagar får liten eller ingen plass. Personleg ansvar og forplikting for ektemaken er for mange ikkje lengre dygder som er verde å halda fram. Heller vert slikt framstilt som undertrykkingsmekanismer som fører til ulykke i personleg ufridom. Her er store utfordringar til å halda fram dei beste kristne dygdene. Dei syner slitestyrke både for heim og ekteskap. Dei er også fundamentale for ansvar og forplikting i vidare samfunnssamanhang.

Truleg bør det utarbeidast ein konkret strategi for å styrkja ekteskap og heim. Følgjande moment kan visseleg supplerast:

Tema om ekteskap og samlivsspørsmål må få rettmessig plass i forkynninga og undervisninga i den kristne forsamlinga både for unge og vaksne.

— Tema om ekteskap og samlivsspørsmål må få plass i ulike kurs, seminar, weekendar, Landsungdomsstevne o.s.v.

— Det bør utarbeidast eit undervisningsprogram om ekteskap og samlivsspørsmål både for undervisning i dei kristne skulane og for unge heimar i grupper.

— Kristne bør hjelpast til å arbeida for kristent syn på ekteskap og samlivsspørsmål både i den offentlege skulen og i samfunnet elles.

— Forlag og misjonsblad må spreia kristen litteratur og vegleiing om ekteskap og samlivsspørsmål.

— Predikantane bør få god utdanning om ekteskap og samlivsspørsmål, og gjerne ha i sin midte personar med vidare familieterapeutisk utdanning.

Dei einslege

Når vi tek for oss eit tema som kristen vegleiing om ekteskap og samlivsspørsmål, kan vi ikkje heilt gløyma ei spesiell gruppe: nemleg dei einslege. Desse lever også eit fullverdig liv og må møtast med kristen omsorg og inkluderande haldning. Dette gjeld både dei ugifte og dei som etter ekteskap er vortne einslege. Det kan ikkje nektast for at slike diverre ofte — også frå kristne — kan oppleva å vera sette utanfor. Det er ikkje mindreverdig å leva eit liv åleine, utan seksuelt samliv. Paulus er døme på einsleg stand. Det kan difor levast eit rikt liv utan ektemake, jfr. Matt. 19,12. Ekteskapet skal difor ikkje idealiseraast på ein slik måte at einslege opplever seg som unormale med mange kompleks for si stilling. Pass alltid på at einslege vert inkluderte i det åndelege og sosiale fellesskapet i den kristne forsamlinga og i heimane.

Sluttord — tre faner

Førebilete

I den kristne forsamlinga er det **tre faner** som særleg treng heisast. Den første fana er våre eigne heimar som sanne førebilete. Då må ikkje berre fasaden vera fin og blankpolert. Då er det arbeidet med dei indre kvalitetane i heimen som tel, der kjærleiken får grobotn til gjensidig respekt og omsorg. Det går an å tala store ord om kvinnefrigjering og samtidig undertrykkja sin eigen ektemake. Men det går også an å halda fram bibelske ideal om likeverd og skilnad og kristen underordning, samtidig som heimen vitnar om gjensidig respekt, gjensidig omsorg og teneste for kvarandre. Det er den siste heimen som er det gode vitnemålet og føredømet.

Bibelske ideal

Den andre fana er frimodet til å halda fram dei bibelske ideala for heim og ekteskap i livslang truskap. Då må også brotet på Guds vilje nemnast med sitt rette namn — synd og hor, som er under Guds dom. Det er falsk toleranse og falske kjærleiksideal om ein held formaningane tilbake. Ja, det er beint fram å forråda folk, jfr. Klag. 2,14. Utruskap, skilsmiss og andre samlivsformer enn ekteskapet kan vi aldri venja oss til som noko naturleg. Det er å vrengja naturen, Guds skaparordning.

Varmt omsorgsfellesskap

Men den tredje fana må også med. Ja, utan henne vert særleg den andre lett klingande bjølle. Den kristne heimen og den kristne forsamlinga skal stå fram som eit varmt omsorgsfellesskap for alle som lid og har det vondt. Det omfattar også dei som har liding og smerte av eigne synde-sår på det området som gjeld nederlag i ekteskap og seksualliv. Her må dørstokken til samfunnet og nærliken til dei truande haldast ikkje berre låg, men heilt borte. Den beste kvaliteten i den sanne kristne heimen og det sanne kristne ekteskapet er tilgjevinga og oppreisinga og forlatinga for syndene. Denne kvaliteten er det også menneske med nederlag må møta meir enn saltet som svir i det opne såret. Slik Jesus møtte kvinnen i Joh. 8, skal vi ha som ankerfeste og rettleiing «Den av dykk som er utan synd, han kan kasta den første steinen på henne» og «så dømer ikkje eg deg heller. Gå bort og synda ikkje meir!» Joh. 8,7 og 11.